Valreglement for valmøte ved val av hovudtillitsvalde

Det er §16 i vedtektene som regulerer val av HTV.

§16.1: Tillitsvalde etter hovudavtalane blir normalt valde av og blant medlemmane innanfor gjeldande avtaleområde ved den enkelte verksemda (kommune, fylkeskommune, statsetat o.a.) og driftseininga

Alle val er skriftlege. Dirigentane kan likevel, i samråd med valmøtet, gjennomføre open votering, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomitéen, og det ikkje er andre forslag.

Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane som er foreslått av valnemnda eller vert fremja i årsmøtet (benkeforslag). Kandidatane må ha sagt ja til å stille. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta. Blank stemmesetel blir rekna som nytta stemme.

Kandidatar som det er fremja forslag på, er:

- Forslag frå valnemnda -
- Eventuelt kandidatar som vert føreslegen under sjølve årsmøtet (benkeforslag).

Gjennomføring av vala på valmøtet

Vala gjennomførast i den rekkjefølge som kjem fram i nummereringa nedanfor:

1. Val av HTV 1

Valt først og ved særskilt val. Den kandidaten som får minst halvparten av stemmene, er valt. Om ingen av kandidatane får halvparten av stemmene, skal det haldast nytt val mellom dei kandidatane som har fått stemmer i første valomgang. Kandidatane blir satt opp etter stemmetal. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lågast stemmetal ut. Nytt val blir halde mellom dei kandidatane som står att. Dette prinsippet vert følgd til berre to kandidatar står att. Ved omval mellom dei to gjenståande kandidatane, er den som har fått flest stemmer valt.

Får kandidatane likt stemmetal i to valomgangar, vert det trekt lodd mellom kandidatane.

2. Val av HTV 3

Her gjelder dei same valreglane som i punkt 1 *Val av HTV 1.*

3. Val av vara HTV Grunnskule

Her gjelder dei same valreglane som i punkt 1 *Val av HTV 1.*

- Val av vara HTV
- Val av vara HTV
- Val av vara HTV